



Folkehelseoversikt i Tysnes kommune 2018 – 2023



Innhold

1. Innleiing
 - 1.1 Bakgrunn
2. Befolkning
 - 2.1 Folketal og folketalstutvikling
3. Oppvekst og levekår
 - 3.1 Barnehage
 - 3.2 Grunnskule
 - 3.3 Vidaregåande skule
 - 3.4 Inntekt
 - 3.5 Bustad
 - 3.6 Arbeid
4. Fysisk, biologisk, sosialt og kjemisk miljø
 - 4.1 Friluftsliv
 - 4.2 Kultur og idrett
 - 4.3 Biologisk og kjemisk miljø
 - 4.4 Radon
5. Skader og ulykker
6. Helselatert åtferd
7. Helsetilstand
 - 7.1 Vaksinasjon, sykdom og levealder

1. INNLEIING

Bakgrunn

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) trådte i kraft 01.01.2012.

Formålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Det er eit krav at folkehelseoversikter skal rullerast kvart 4. år, og ligge føre ved oppstart av arbeidet med planstrategi.

I lova blir det stilt krav til at kommunar skal kartlegge helsetilstanden til befolkninga og dei positive og negative faktorar som virker inn på denne.

- Folkehelsearbeidet er sektorovergripande og fannar om samferdsle, lokalsamfunnsutvikling, oppvekstmiljø, opplæring, arbeidstilhøve og kultur og fritid som er sentrale for folkehelsa og fordelinga av helse i befolkninga.
- Folkehelsearbeidet omfattar ikkje kurative tenester i form av klinisk diagnostikk, behandling, pleie og omsorg.
- Folkehelsa som del av planarbeidet er hjemla i Plan- og bygningslova § 3-1.
- Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune har inngått forpliktande partnarshapsavtale for å fremme folkehelse i Hordaland.
- Statusrapport vart utarbeidd i 2012 over folkehelsa i Tysnes.
- Styringsgruppe: Rådmann, helse- og sosialsjef og oppvekstsjef.
- Folkehelsegruppe i 2012: Plansjef, bedriftssjukepleiar, kommuneoverlege, folkehelsekoordinator og konsulent kultur/folkehelsekoordinator/prosjektleder.
- Kommunen fann ikkje tal for alle temaområde. Dette skuldast både personvern og at talgrunnlaget vart for spinkelt.

Styringsgruppe for prosjektet: Rådmann Steinar Dalland, helse- og sosialsjef Hildur Heie og oppvekstsjef Aud Kaldefoss.
Folkehelsegruppa i dag består av:

Namn	Stilling	Arbeidsstad
Anita Midtun	Kommuneoverlege	Legekontoret
Kari Pettersen	Rektor	Tysnes skule
Eva Grov	Kst. Einingsleiar barnevern	Barne- og familieetaten
Lena Epland Sløgedal	Einingsleiar barnehagane	Barne- og familieetaten
Morten Anthonessen	Fagansvarleg plan	Eining for forvaltning
Vibeke Øxnevad Stoltz	Konsulent kultur/prosjektleder	Stab

- Tysnes kommune har delteke i eit prosjekt, Helse- og omsorg i plan, i regi av Kommunenes Sentralforbund (KS) i perioden mai-desember 2018 med totalt 4 samlingar i Hordaland. KS har fått tilskot frå Helsedirektoratet til å gjennomføre prosjektet.
- Tysnes kommune har stort sett følgd Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til mal for oversiktsarbeidet i kommunane. Rapporten nyttar grovt sagt tre typar statistikk. Den eine er reine taloppsett, den andre tabellar og grafar som viser ei utvikling i Tysnes over tid, fram mot i dag, eller kva ein reknar vil skje framover. Den tredje samanliknar Tysnes med gjennomsnittsverdiar for Hordaland og landet . All statistikken kjem frå Hordaland fylkeskommune sin statistikk for regional utvikling (<http://statistikk.igest.no/hf/>)
Kjelde: Folkehelseinstituttet

- Folkehelsearbeid har tradisjonelt handla mykje om fysisk helse. Etter kvart har det òg vorte meir fokus på psykisk helse. I dag ser vi at det er klare samanhengar mellom allmenn trivsel og den einskilde sin psykiske og fysiske helsetilstand.
- Målet for arbeidet med denne rapporten er å skaffe oversikt over folkehelsesituasjonen i kommunen og ut frå dette peike på område der ein har, eller kan få utfordringar, slik at administrasjonen og folkevalde har eit godt grunnlag for sine prioriteringar og avgjerder. Men det handlar òg om å setje fokus på korleis Tysnes kan nytte sine fortrinn best mogleg.
- Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018 viser kva faktorar som blir rapportert som viktig for at innbyggjarane skal trivast. Den klart viktigaste faktoren er tilgang til natur- og fritidsområder (67%), deretter følgjer tilgang til butikk og spisestad (48,1%), vere i fred (44%) og å kjenna naboane (40,5%).
I utgangspunktet skulle Tysnes derfor vere godt rusta til å ta vare på innbyggarane si helse og trivsel.

2. BEFOLKNING


Folketal og folketalsutvikling

Kommunen har dei siste tiåra hatt nokolunde stabilt folketal men med ei skeiv aldersfordeling, med større andel eldre enn gjennomsnittet. Dette skuldast blant anna fråflytting i samband med utdanning og arbeid. Då den førre statusrapporten om folkehelse for kommunen vart utarbeidd i 2012 var innbyggjartalet 2756. Ved utgangen av 2017 hadde Tysnes kommune 2857 innbyggjarar. Folketalet har auka med 101 personer i denne perioden. Dette skuldast i hovudsak tilflytting av flyktningar og arbeidsinnvandrarar.

Sivilstatus og folketal er svært stabilt i perioden 2010-2018.

Sivil status

År ▼ Sivilstand: Blandet ▼ Region: Kommune ▼ Måltal: Personar ▼



Samansetting av folkeveksten


Geografi: Kommune ▼ År: 2017 ▼ Måltal ▼

Geografi	Tysnes
Måltal	
Folketalet ved inngangen av året	2 847
Fødde	31
Døde	32
Fødselsoverskot	-1
Innvandring	20
Utvandring	3
Innflytting, innanlandsk	111
Fråflytting, innanlandsk	117
Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring	11
Folketilvekst	10
Folketalet ved utgangen av året	2 857

Fødselsoverskot og nettoinnflytting viser om det er vekst eller reduksjon i folketalet. Det er ei positiv utvikling at fødselstala dei seinare åra har vore relativt høge.

Innvandrere


Landbakgrunn: Blandet Kjønn År: 2018 Geografi: Kommune Måltal: Statistikkvariabel



Dei fleste, både kvinner og menn, kjem frå land i Europa, mange frå tidlegare austuropeiske land. Totalt 249 personer der kvinner utgjer den største gruppa av innvandrere i kommunen, 137.


Familjar (tal)

Familietype: Blandet ▼ Tid: 2017 ▼ Region: Kommune ▼ Måltal: Tal familjar ▼




I aldersgruppa 45 år og eldre er andelen som bur åleine ikkje ulik frå landsnivået.

Utvikling i tal på utvalde aldersgrupper frå 2008-2028




Utvikling i tal innbyggjarar

Tid: 2030 | Kjønn | Alder: Aldersgrupper | Geografi: Kommune | Måltal: Innbyggjarar



Utdanningsnivå i kommunane

Utdanningsnivå: nivå
År: 2017
Geografi: Kommune
Måltal: statistikkvariabel



3. OPPVEKST OG LEVEKÅR

Barnehage

Ein viktig del av folkehelsearbeidet er å skape trygge levekår og gode tilhøve for utvikling. Grunlaget blir lagt tidleg i livet og det er derfor viktig å investere i helsefremjande oppvekstvilkår og ein best mogleg barndom for alle. Barnehagar av høg kvalitet er viktige for å utjamne sosial ulikskap. Barnehagelova set krav til at barna skal oppleve tryggleik, meistring, fellesskap og trivsel. Eit sunt kosthald, fysisk aktivitet og tiltak for å hindre mobbing er enkle og gode bidrag til folkehelsa i tidleg oppvekst.



Folkehelseinstituttet sin definisjon av barnehage med høg kvalitet er små barnegrupper og tilstrekkeleg, godt utdanna, personleg eigna og stabilt personell. Små barnegrupper er definert som grupper med 1-14 barn.

Tysnes har 4 kommunale barnehagar - i tettstadene Uggdal, Våge, Lunde og på Onarheim. Totalt tal på plasser er 222. Den største barnehagen i Uggdal har 96 plassar og 5 avdelingar, den minste i Våge har 36 plasser og 2 avdelingar. Kommunen har fram til no hatt full barnehagedekning dvs. at alle søkarar har fått plass. I 2016 hadde 100% av barn i alderen 3-5 år barnehageplass.

Barnehagedekning

Tid ▼ Kommune/gruppe: Kommune/kostragruppe ▼ Måltal ▼

Tid		2012	2013	2014	2015	2016
Måltal	Kommune/gruppe					
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	Tysnes	86,7	92,5	95,2	89,9	95,2
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	Tysnes	77,6	75,9	88,5	83,1	87,7
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	Tysnes	93,5	102,2	98,9	94,6	100,0

I 2017 hadde kommunen høgare andel av pedagogar (41,2%) enn kommunar vi kan samanlikne oss med (36,6%) og i høve landsgjennomsnittet(37%). Første mannlege pedagog vart tilsett hausten 2018.

Barnehageareal, -ressursar og -tilsette

Variabel ▼ Tid ▼ Kommune/gruppe: Kommune/kostragruppe ▼ Måltal: Verdi ▼

Tid		2012	2013	2014	2015	2016
Variabel	Kommune/gruppe					
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	Tysnes	31,6	27,9	20,9	32,6	36,2
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer	Tysnes	0,0	2,3	11,6	6,5	2,1
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	Tysnes	92,3	92,3	64,3	88,2	84,2
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer	Tysnes	0,0	0,0	25,0	25,0	-
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer	Tysnes	0,0	11,1	40,0	7,7	6,7
Andel assistenter med barne- og ungdomsarbeiderfag, barnehagelærer- eller annen pedagogisk utdanning	Tysnes	50,0	64,0	-	-	-
Andel ansatte menn til basisvirksomhet i barnehagene	Tysnes	2,9	2,6	2,7	2,4	2,5
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet, alle barnehager	Tysnes	-	6,5	6,5	6,0	6,1
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	Tysnes	6,1	6,5	6,5	6,0	6,1
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i private barnehager	Tysnes	-	-	-	-	-
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	Tysnes	3,4	8,9	15,1	8,5	7,2
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager	Tysnes	3,4	8,9	15,1	8,5	7,2
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehage	Tysnes	0,0	0,0	5,0	2,8	0,7
Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (m2)	Tysnes	6,4	6,3	6,1	7,6	7,8
Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager (m2)	Tysnes	-	-	-	-	-
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2)	Tysnes	6,4	6,3	6,1	7,6	7,8

Grunnskule

Trygge og gode skular er som for barnehagedekninga, viktig for helse og trivsel til komande generasjonar. Tysnes har i dag tre skular som dekker barne- og ungdomstrinnet, Uggdal 1-4 skule, Onarheim 1-6 skule og Tysnes 5-10 skule.

Blå skule ute: Elevane ved Tysnes skule har eit viktig og populært tilbod. Gjennom praktisk tilnærming som fiske, vedhogst og eggproduksjon lærer dei matematikk, samfunnsfag/historie, norsk og naturfag.

Ungdata-undersøkinga har ikkje vore gjennomført i kommunen sidan 2011 og folkehelseprofilen for 2018 viser kun to målbare tal for Tysnes skule:

- Lågaste mestringsnivå i rekning for 5. klasse 27 %, fylket 24% og landsgjennomsnitt 24%
- Trivsel på skulen i 10.klasse 88%, fylket 84% og landsgjennomsnitt 86%

Ungdata er lokale ungdomsundersøkingar, som vert tilbydd gratis til alle kommunar og fylkeskommunar. OsloMet- storbyuniversitet i samarbeid med kompetansesentre innan rusfeltet har ansvar for gjennomføringa av undersøkingane.

Tysnes skule har meldt seg på Ungdata-undersøkinga i 2019. Undersøkinga vil gje oversikt over ungdom si trivsel, levekår og helse – korleis det er å vere ung i dag.

Skoleporten - kvalitet i grunnskolen

Variabel ▼ Tid: Tidspunkt ▼ Kommune ▼ Måltal: Verdi ▼

Tid		2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Variabel	Kommune				
Årsverk for undervisningspersonale-Årsverk til undervisning	Tysnes	33,0	26,0	27,0	28,0
Undervisningstimer totalt per elev	Tysnes	-	61,0	67,0	69,0
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	Tysnes	99,2	99,4	97,8	97,0
Antall assistentårsverk i undervisningen	Tysnes	10,0	7,0	8,0	8,0
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	Tysnes	27,2	26,9	25,8	26,5
Antall elever per årsverk til undervisning	Tysnes	9,4	11,7	10,5	10,4
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	Tysnes	29,6	41,1	37,3	34,6
Lærertetthet 1.-7. trinn	Tysnes	11,8	12,2	11,3	11,1
Lærertetthet 8.-10. trinn	Tysnes	9,3	14,5	12,3	11,9
Lærertetthet i ordinær undervisning	Tysnes	14,2	17,4	14,2	13,5
Lærertimer som gis til undervisning	Tysnes	22 985,0	18 207,0	19 276,0	19 981,0
Talet på elever	Tysnes	308,0	299,0	286,0	291,0
Talet på lærer	Tysnes	46,0	40,0	39,0	38,0
Talet på lærer med kontaktlærafunksjon	Tysnes	17,0	16,0	18,0	17,0
Talet på skolar	Tysnes	3,0	3,0	3,0	3,0

Skulefritidsordning (SFO)

I utgangspunktet vert det gjeve tilbod ved alle skulane som har minst 6 småskuleelevar som har meldt seg på. For tida er det SFO-tilbod ved Onarheim og Uggdal skule. Uggdal skule har tilbod alle dagar.

Vidaregåande skule

Tysnes har for lite folketal til å ha eigen vidaregåande skule, og elevane må bu på hybel eller pendle. Alt tyder på at pendling er den beste løysinga for dei fleste. Kontinuerlig arbeid for praktiske pendlarruter for ungdommen kan ein derfor seie er eit naudsynt og førebyggjande helsetiltak.

Fråfall i vidaregåande skole

Variabel	År: Tid	Geografi: Kommune	Måltal: Verdi		
År	2010-2012	2011-2013	2012-2014	2013-2015	
Variabel	Geografi				
Andel (prosent)	Tysnes	23,0	25,0	22,0	26,0

Folkehelseprofil for 2018 viser at fråfall for tysneselevar er 21% , fylket 22% , same som landsnivå. Fråfallet er om lag det same for Tysnes som for Austevoll og Fitjar som har egne vidaregåande skular.

Kulturskule

Kulturskulen har tilbod om einskildundervisning og gruppeundervisning. Skulen har hatt ein positiv utvikling og treff no fleire born i skulepliktig alder. Dessverre har eit populært tilbod som dans gått ut på grunn av lærarmangel.

Vaksenopplæring og opplæring av framandspråklege

Gruppa som får tilbod om vaksenopplæring har auka dei siste åra, grunna mottak av flyktningar og familiesameining. Kommunen har òg nokre elevar som tek grunnskuleopplæring for vaksne. Dette er ei teneste som vert kjøpt av omliggjande kommunar, i første rekke Os og Stord.

Inntekt i hushald

Forsking viser at det kan vere samanheng mellom inntektsnivået og helsetilstand. Økonomien i hushaldet er ein grunnleggjande faktor for helse, og låg inntekt kan medverke til dårleg helse og sjukdom.

- Låginntektshushald er for befolkninga i kommunen er på 8,8%, gjennomsnitt i Hordaland fylket er 9,8%.
- I hushaldning mellom 0-17 år Tysnes 7,3 %, Hordaland 10,4 %.

Bustad

Eit stort fleirtal av befolkninga i Tysnes har egne bustader. Trongbudde definerast ut frå tal på rom og kvadratmetar i bustaden. Bur trangt (av born det vert betalt bornetrygd for) 0-17 år: Tysnes 11%, Fylket 20%, Norge 19%. Det er ingen bustadlause i kommunen.

Kommunen har opparbeidd bustadfelt med ledige tomter i Våge, Lunde og Uggdal. Einebustadtomtene er øyremerka privatpersonar som vil etablere seg. Tomter som er øyremerka fleirfamiliehus kan kjøpast av private som vil samarbeide om etablering. Nytt byggefelt er ferdig på Onarheim.

Arbeid

Næringslivet i Tysnes er variert. Her er små og mellomstore bedrifter, havbruk, entreprenørar og handverkarar og nokre få som driv jordbruk på heiltid. Mange er engasjerte i tenesteytande næringar, offentlege og private. Sjølv om fiskeri og havbruk er ei stor næring på Tysnes er kommunen største arbeidsplass med om lag 220 tilsette. Mange pendlar til Bergen, Stord eller oljeplattformar. Arbeidsløysa var relativt høg i 2016 men er i 2017-18 gått ned.

Valdeltaking

Ved val i 2017 var deltakingsprosenten 78,8 % av dei som har stemmerett i kommunen, fylket 81,1% og landsgjennomsnitt 78,2%.

4. FYSISK, BIOLOGISK, SOSIALT OG KJEMISK MILJØ

Kvalitetane i det daglege miljøet er grunnleggande for helse, trivsel og livskvalitet. Miljøet kan fremja god helse og beskytte mot sjukdom og ulykker, eller det kan i større eller mindre grad utgjøre ein risiko. Mange ulike miljøtilhøve har effekt på helsa. Dette gjeld alt frå luft- og drikkevannkvalitet, støy, radon, trygg skuleveg og tilgang til friluftsområder.

Friluftsliv

Friluftsområda og naturen er ein av dei viktigaste ressursane Tysnes kommune har. Natur er det mykje av på vestlandet, men det er verd å merke seg tre område der Tysnes skil seg positivt ut.

1. Tysnes har rikeleg med plass.
2. Tysnes har eit stort mangfald av naturtypar og terreng.
3. Naturen i Tysnes er lett tilgjengeleg.



Friluftsliv er ein viktig del av kvardagen for mange og har mykje å seie i det førebyggjande helsearbeidet.

Når det gjeld arealbruken i kommunen, er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv. Det er eit overordna mål at alle innbyggjarane i Tysnes får gode vilkår for fysisk aktivitet og friluftsliv, slik at dei kan ha høve til å halde seg i aktivitet ut frå egne interesser og føresetnader. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Tilrettelegging for friluftaktivitet og av friluftsområder er eit godt, billig og førebyggande tiltak for å styrke folkehelsearbeidet i kommunen.

I samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd, kommunen og private er områder og badeplasser opparbeida med betre adkomst i nærleiken av sentrale buområde. 2 friluftsområde er tilrettelagt for røyrslhemma. Enkel tilgang til turstigar gjer det enklare å komme seg ut på tur. I Tysnes er 33 turstiger, totalt 156 km, merka og gradert og ved alle dei 18 ulike utgangspunkt er det sett opp informasjonstavler.

Skianlegg med lysløype og servicebygg er eit viktig vintertilbod til eigenorganisert aktivitet.

Miljø

Lokalmiljø kan gje ulike moglegheiter for utfalding og sosialt samvær.

Barn og unge brukar lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra. Trygge og sunne lokalmiljø er derfor særskilt viktig for denne aldersgruppa. Utforming av utemiljøer, bygg og offentlege rom er viktig for tilgjenge og deltaking i sosiale aktivitetar.

Vegane på Tysnes er stort sett smale og svingete. Biltrafikken aukar og mange bilistar køyrer fort. Det vert derfor dårlege tilhøve for syklistar og forgjengarar langs mange av vegane.

Gang- og sykkelveggar på strekningar frå Våge sentrum til Tysnes skule, gjennom Lunde sentrum og frå rådhuset til Uggdal skule. I samband med trafikksikringsarbeid vart det bygt gang- og sykkelveg slik at bustadfelt sør i Uggdal vart bundne saman med rådhuset, skule, barnehage og idrettsplass.

Gang- og sykkelvegnett må byggast ut vidare. Trygge gang- og sykkelveggar gjer det lettare for born og unge sjølv å ta seg fram i buområde, til trening og aktivitetar på skular og idrettsanlegg. Mosjonsprega aktivitet som sykling, jogging og spaserurar vil verte enklare og sikrare.

Areal for leik, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal arbeidast inn i arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar. Ved bygging av anlegg og tilrettelegging må det takast omsyn til universal utforming, landskapsvern og miljømessige og estetiske tilhøve.

Kultur og idrett

Det er 12 idrettslag i kommunen og dei dekker eit breitt spekter av idrettar. Dei fleste anlegg er eigd og drifta av idrettslaga. Tysneshallen er eigd av kommunen og nyttast på dagtid av skulen, og både av den organiserte idretten og til uorganisert aktivitet t.d. dans og bowling. Biblioteket held til i hallen og er eit viktig gratis tilbod for alle.



Sogelag, musèlag, kystlag, husflidslag, venelag, grendelag og ungdomslag gjer eit viktig arbeid gjennom arrangement, aktivitetar og kurs og bidreg til at kunnskapen og aktivitetane vert tilgjengelege for alle.

Tilbodet av organisasjonar, fritidstilbod og kulturtilbod er viktig for individuell utfolding og bidreg til å skape identitet og tilhøyrsløse i lokalmiljøet.

Det å finne aktivitetar og interesser som opplevast som meiningsfulle er også viktig for å nå måla om folke helse.

Tysnes ungdomsråd har vore aktive gjennom fleire år og har mellom anna teke opp busstilbodet i kommunen, forureinsing og aktivitetstilbodet for ungdom. Tysnes idrettsråd er eit fellesorgan for all idrett i kommunen. Føremålet er å arbeide for best moglege tilhøve for idretten, samarbeid mellom laga og mellom laga og kommunen. Kommunen har sekretærfunksjon for begge råda.

Biologisk og kjemisk miljø

Smittevern – smittsame sjukdommar

Tysnes kommune har ein smittevernplan som omfattar program for normalsituasjon og smittevern i ein beredskapssituasjon. Planen omfattar mellom anna program for vaksinasjon, tuberkulosekontroll og for grunnleggande tekniske tenester som har stor betydning for folkehelsa: drikkevatt, avløp, renovasjon og skadedyrkontroll.

Radon

Radon er ein radioaktiv gass som finst naturleg i grunn og bergarter. Radonsikring av bygg og god arealplanlegging vil hindre risikoen for utvikling av lungekreft. Kartlegging av radon er gjennomført ved alle barnehagar, skular og offentlege bygg. Alle resultata av radonmålingane vart godkjente.

5. SKADER OG ULUKKER

Folkehelsebarometer 2018 for Tysnes viser at 15,5 av innbyggjarane vart behandla for skader, ulykker og forgiftingar i sjukehus i perioden 2014-2016. I fylket er tala 14,2 og landet 13,7.

Personskadar behandla på sjukehus

Sjukdomsgruppe ▼ Data: Type ▼ Kjønn: Blandet ▼ Treårsperiode (glidande snitt): Treårsperiode (snitt) ▼

Treårsperiode (glidande snitt)				2011-2013	2012-2014	2013-2015
Sjukdomsgruppe	Data	Kjønn	Geografi			
<u>Personskadar (S00-T35)</u>	Per 1000, standardisert	Begge	Tysnes	13,7	13,9	13,3
		Menn	Tysnes	15,1	14,8	12,2
		Kvinner	Tysnes	12,5	13,0	14,2
	Gjennomsnitt per år	Begge	Tysnes	45,7	46,0	44,0
		Menn	Tysnes	23,0	22,7	18,7
		Kvinner	Tysnes	22,7	23,3	25,3

Vegtrafikkulykker (per måned)

Tid: År ▼ Geografi: Kommune ▼ Måltal ▼

Tid		2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Måltal	Geografi																	
Ulykker	Tysnes	7	3	5	0	5	6	7	7	2	4	3	5	4	3	3	2	1
Dødsulykker	Tysnes	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Drepte (tal personar)	Tysnes	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Skadde i alt (tal personar)	Tysnes	9	5	6	0	7	7	9	9	3	4	4	6	7	5	4	2	1
Hardt skadde (tal personar)	Tysnes	1	0	2	0	3	2	2	0	1	0	0	1	1	1	0	0	0
Lettere skadde (tal personar)	Tysnes	8	5	3	0	4	5	6	9	2	3	4	5	6	4	4	2	0
Uoppgitt skadegrad (tal personar)	Tysnes	0	0	1	0	0	0	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0

6. HELSERELATERT ÅTFERD

Tal på fødande som oppga at dei røykte ved starten av svangerskapet er svært høgt både i forhold til fylket og landsgjennomsnitt som er 5,2 og 7,8 %. Mange kvinner slutter å røyke når dei er gravide. Røyking er generelt på veg ned, men blant ungdom og unge vaksne har snus erstatta noko for røyking.

Røyking hos fødande

Måltal	Femårsperiode (glidande snitt)	Geografi	Måltal: Verdi		
Femårsperiode (glidande snitt)			2009-2013	2010-2014	2011-2015
Måltal	Geografi				
Del røykande ved første svangerskapskontroll (prosent), standardisert	Tysnes		13	15	19
svarprosent på spørsmål om røyking (prosent)	Tysnes		95	91	92

Helseundersøkingar for barn

Måltal ▼ År ▼ Geografi: Kommune/kostragruppe ▼ Måltal: Verdi ▼

År		2012	2013	2014	2015	2016
Måltal	Geografi					
Del nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	Tysnes	104	86	103	118	95
Del spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveveke	Tysnes	112	62	106	118	95
Del barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	Tysnes	90	100	105	66	112
Del barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	Tysnes	100	100	100	90	100
Del barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1. skoletrinn	Tysnes	88	108	102	92	67

7. HELSETILSTAND

7.1 Vaksinasjon, sykdom og levealder

- Vaksinasjonsdekning er det mest effektive førebyggjande tiltak vi har.
Tal frå folkehelseinstituttet viser at vaksinasjonsdekning for meslingar, alder 9 år, er noko låg i kommunen 91,4 %, fylket 96,1% og landsgjennomsnitt 95,1%.
- Antibiotikabruken er positivt låg, 208 utleveringar av reseptar per 1000 innbyggjarar, fylket 377 og landet 360.

Tala over sykdomsoversikt er berekna per 1000 innbyggjarar

- Lungekreft nye tilfelle i perioden 2007-2016, kommunen 29, fylket 57 og landet 58
- Muskel- og skjelett kommunen i perioden 2014-2016, 0-74 år, kommunen 328, fylket 302 og landet 319
- Hjerte- og karsykdom 2014-2016 omfattar innlagte på sjukehus og/elle døde, kommunen 20,7, fylket 19,4 og landet 17,9
- Psykiske symptom i alder 15-29 år (brukare av fastlege og legevakt) kommunen 135, fylket 151 og landet 152

Forventa levealder menn i kommunen er 79,7 år, fylket 79,2 og landet 78,8 år

Forventa levealder kvinner i kommune er 85,2 år, fylket 83,3 og landet 83,1 år

Endringar i infrastrukturen i regionen vil ha stor innverknad både for utviklinga av folketalet og folkehelsa i kommunen. Dersom E39 Hordfast (Kyststamvegen) vert realisert innan 2030 vil Tysnes verte ein sentral og attraktiv stad å bu i ein arbeidsmarknad som femnar Bergen, Os og Stord. Om dette førar med seg tilflytting, vil ei auke i folketalet bli både positivt og ei utfordring for kommunen. Kommunen vil då kunne få fleire born og unge og må ta høgd for dette i planarbeid for skule, barnehage og fritidsaktivitetar.

Folkehelseoversikt Tysnes kommune 2018 – 2023 vart vedteken i kommunestyret 14.05.2019